

Svanene har slått seg til ro

06.01.2011



Svaner med Stølen i bakgrunnen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Svanefamilien med 2 voksne og 4 ungfuglar finn seg tydeligvis godt til rette sentralt i Uskedalen - fuglane er framleis å sjåintenst beitande i området mellom garden til Torfinn Myklebust og fylkesvegen. Fleire har spurt oss kva slags svaner dette er og undrar på om det er knoppsvaner eller sangsvaner. Det er 3 slags svaner i Noreg - nummer 3 er dvergsvaner.

Utan at vi har ornitologer i nettavisa slår vi fast at dette er sangsvaner. Dei skiller seg frå knoppsvanene på gult nebb og ein rettare hals. Knoppsvanene har røde nebb. Dei unge sangsvanene har lyserøde nebb og grå fjørdrakt.

Sangsvanene hekkar helst i Finnmark og Troms her i landet, men det er sett hekkande par så langt sør som Østfold. Dei mellom 4 og 6 egga blir ruga i ein måned før klekkinga. Om vinteren trekker sangsvanene sørover og overvintrar langs kysten av Sør-Skandinavia, Danmark og Nord-Tyskland. Her i landet er bestanden av sangsvaner mykje større om vinteren enn i hekkeperioden.

Sangsvanen er totalfreda her i landet. Dei er ikke akkurat små fuglar - dei veg mellom 8 og 15 kilo og kan ha eit vengespenn på bortimot 2,5 meter.

Har du kunnskap om svaner? Skriv til oss!

Av Ola Matti Mathisen



Svanene er majestetiske fuglar. (Foto: Ola Matti Mathisen)